



Arkivnr: 2015/552-37
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

Delegert saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt

TILDELING AV RESERVEDROSJELØYVE R-863 I ETNE

Samandrag

Reser vedrosjeløyve R-863 tilknytt Etne kommune vart oppretta med vedtak i fylkesutvalet 21.08.2005. Det nye løyve vart kunngjort ledig og tildelt Marit Taraldsøy. Ho tok ikkje ut løyve. Det er på nytt meldt inn behov for eit ekstra reser veløyve i Etne. Reser vedrosjeløyve R-863 blei kunngjort ledig internt 06.07.2015. Det er berre eksisterande løyvehavere i Etne som kan søkje på løyve.

Innan søknadsfristen gjekk ut 27.07.2015 hadde det meldt seg to søkjarar. I følgje regelverket skal løyve tildelast den som har lengst ansiennitet.

Yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport vert lagt til grunn i samband med denne tildelinga.

Etter å ha vurdert saka finn fylkesdirektør samferdsel å kunne fatte følgjande

vedtak

Med heimel i yrkestransportlova § 9, jf. forskrift om yrkestransport §§ 6-8 og §§ 43-44 finn fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve :

1. **R-863 til Marit Taraldsøy**
2. **Det skal installerast taksameter i bil registrert på drosjeløyve R-863.**
3. **Det skal registrerast bil med plass til inntil 9 personar.**
4. **Det skal setjast bil i drift på løyve innan 12 november 2015.**

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy
spesialkonsulent

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesdirektør samferdsel, 12.08.2015

1. Innleiing

Reservedrosjeløyve R-863 blei kunngjort ledig internt 06.07.2015. Det er berre eksisterande løyvehavere i Etne som kan søkje på løyve.

Innan søknadsfristen gjekk ut 27.07.2015 hadde det meldt seg to søkjarar. I følgje regelverket skal løyve tildelast til den som har lengst ansiennitet.

2. Lovheimel

Lov om yrkestransport og forskrift om yrkestransport, vart lagt til grunn i denne tildelinga.

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. godandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Samferdselssjefen har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

Godandel skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest.

Tilfredsstillande økonomisk evne inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

Tilstrekkeleg fagleg kompetanse inneber i følgje forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

Marit Taraldsøy har drosjeløyve R-259 frå før. Ho har fått godkjend ei samla ansiennitet på 30 år, 9 månadar og 22 dagar.

Marit Taraldsøy har lagt fram tilfredsstillande attest fra Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring.

Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektør samferdsel å kunne tildele drosjeløyve R-863 til Marit Taraldsøy.

Det skal vere sett bil i drift på reservedrosjeløyve R-863 innan **12. november 2015**.